



«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Vår ref:  
2024/42-10

Sakshandsamar:  
Alida Rundhovde Mørenskog  
Alida.Morenskog@bykle.kommune.no

Dato:  
15.02.2024

### Varsel om oppstart - detaljregulering - skibru Geiskelidåne, planID 202402

I medhald av plan- og bygningsloven §§ 12-1 og 12-8, blir det varslet oppstart av planarbeid for detaljregulering av skibru Geiskelidåne, planID 202402. Planområdet omfattar eigedommen gnr./bnr. 3/280 med fleire. I planutvalet si handsaming av sak 21/2024 i møte den 12.02.2024 vart tilrådd om oppstart vedteke. Tiltakshavar er Bykle kommune, med bistand frå plankonsulent Henning Larsen Architects.

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for skibru over Geiskelidåne, samt tilhøyrande skiløype. Dette vil knytte saman to eksisterande skiløypetraséar. Planområdet er på om lag 282,5 daa. Planområdet ligg langs riksveg 9, ca 10 km sør for Hovden sentrum. Skiløypetraseen vil vere om lag 1 km lang og kople saman eksisterande skiløyper i området. Den planlagde brua vil gå over elva Geiskelidåne. Kor brua skal krysse elva vil vere ei viktig avgjerd i planarbeidet. Plangrensa følgjer stort sett eigedomsgrensene, i tillegg til reguleringsplanar som allereie ligg føre. Plangrensa vil truleg bli noko innskrenka som ein del av planarbeidet.

Reguleringsplanen følgjer opp arealdelen til kommuneplanen, der det er teikna inn ein framtidig turvegtrasé i det aktuelle området. Planarbeidet er vurdert etter forskrift om konsekvensutgreiing §§ 6-8, og utløyser ikkje krav om konsekvensutreiing.

Merknader til varsel om oppstart kan sendast til Bykle kommune, innan 08.03.2024. Adresse:

Sarvsvegen 14, 4754 Bykle. E-post: [postmottak@bykle.kommune.no](mailto:postmottak@bykle.kommune.no)


Med helsing  
Bykle kommune

Signe Sollien Haugå  
Plansjef

Alida Rundhovde Mørenskog  
arealplanleggjar

Brevet er elektronisk godkjent og vert sendt utan underskrift. Vedlegg

- 1 Referat frå oppstartsmøtet 07.02.24.pdf
- 2 Planinitiativ 08.12.23.pdf



Figur 1: Plangrense med eigedomsgrensar i bakgrunnen

3 Plangrense 06.02.24.pdf

Kopi til:



Cathrine Fossdal

Vår ref:  
2024/42-2

Sakshandsamar:  
Signe Sollien Haugå  
Signe.Sollien.Hauga@bykle.kommune.no

Dato:  
07.02.2024

<b>OPPSTARTSMØTE FOR : Detaljregulering skibru Geiskelidåne 2024</b>	
<b>REFERAT: Oppstartsmøte - detaljregulering - skibru Geiskelidåne</b>	
Plantype	
<input checked="" type="checkbox"/> Detaljreguleringsplan <input type="checkbox"/> Områdeplan <input type="checkbox"/> Reguleringsendring	
<b>Eigedom: gnr / bnr</b>	
<b>Saksnummer:</b> 2024/42	<b>PlanID:</b>
<b>Sakshandsamar:</b> Signe Sollien Haugå	<b>Stilling:</b> Plansjef
<b>Møtestad:</b> Bykle kommune og på teams	<b>Møtedato:</b> mandag 5. februar 2024
Deltakrar:	
Forslagsstillar (F)/tiltakshavar (T):	Kommunen:
Bykle kommune v/ Rambøll	Signe B. Sollien Haugå

#### HANDSAMINGSGEBYR 2022

<p>Velg gebyrtype</p> <p>Kr. beløp,- for planen + Kr. beløp , pr eining.</p> <p>Små/mindre endringar: Kr beløp,- Eigne kommunale planar: Kr.0,00</p> <p>Gebyret skal fakturerast straks saka takast opp til 1.gongs handsaming. Beløpet skal ikkje refunderast dersom planane eventuelt vert forkasta. Beløpet omfattar ikkje utgifter til kunngjering om igangsetjing av regulering, jfr. <a href="#">plan- og bygningslovas § 12-8</a>, då desse dekkast av den private part.</p>	<p>Namn/firma, adresse og kontaktperson fakturaen skal sendast til:</p>
---	---

## Formål oppstartsmøte

Avklare offentlege føresetnader for at planforslaget skal kunne realiserast, og skal legge grunnlaget for ein god planprosess. Prioriterte utgreiingsbehov for planarbeidet og andre moment er angitt så langt det har vore mogleg på grunnlag av tilgjengelege opplysningar under oppstartsmøtet.

Korkje oppstartsmøtet eller referatet gir rettigheter i den seinare sakshandsaminga. Naboprotestar, protestar frå bebuarorganisasjonar, krav frå offentlege myndigheiter mv. vil kunne føre til krav om endring av prosjektet, og evt. endring av framdrifta i prosjektet.

## 1. ORIENTERING OM PLANFORSLAGET

**(Kort orientering frå forslagsstillar - Føremål, utfordringar, tiltak, vurdering av behovet for KU)**

Føremålet er å regulere kryssingspunkt for skibru mellom Geiskelid og Nylund park og sikre samanhengjande løypekorridorar til tilliggjande trasear.

## 2. PLANFØRESETNADER

**Planstatus** (namn og dato på gjeldande planar):

Fylkes(del)plan(ar) / Regionale planar (Tilhøve som ikkje er innarbeida i Kommuneplanen)	Heieplanen bygdeutviklingszone
Kommuneplanens arealdel (noverande planformål)	Sjå omtale i planinitiativ vedr. arealføremål + sti- og løypeplan -
Kommunedelplan(ar) (noverande planformål)	
Områderegulering	Sjå liste i planinitiativet
Detaljregulering	Sjå liste planinitiativet
Planar som grensar inn til planområdet	Sjå liste i planinitiativet

### Vil planforslaget samsvare med overordna plan/gjeldande reguleringsplan

<input checked="" type="checkbox"/> <b>Ja</b>
<input type="checkbox"/> <b>Nei</b> (følgast opp med merknad om kva som er avvik.)
Merknadar: Skal understøtte utviklinga av føreslegne tiltak for samanhengande stil og løypenett, føreslege i sti- og løypeplan. Rekkefølgjekrav i nyleg vedteken detaljreguleringsplan tilsvarande.

Planar som skal opphevast og erstattast

Planen vil erstatte følgjande planar i sin heilskap:	-
Planen vil erstatte deler av følgjande planar:	- Blir avklåra når planegrensa er endeleg.

### Er det planarbeid i tilgrensande områder

<input type="checkbox"/> <b>Ja</b> (følgast opp med merknad)
<input checked="" type="checkbox"/> <b>Nei</b>
Merknadar:

### 3. FØRINGAR

**Nasjonale og regionale føringar** (lista er ikkje uttømmande)

<input type="checkbox"/>	Styrking av barn og unges interesser (RPR)
<input type="checkbox"/>	Nasjonal landbrukspolitikk
<input checked="" type="checkbox"/>	Villrein – Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei
<input checked="" type="checkbox"/>	Kulturminne
<input type="checkbox"/>	Universell utforming ( <a href="#">Nasjonale forventningar</a> , <a href="#">Rundskriv T-5/99B</a> , <a href="#">diskrimineringsloven</a> , mf.)
<input type="checkbox"/>	Verna vassdrag (RPR)
<input type="checkbox"/>	Statleg planretningslinje for klima og energiplanlegging og klimatilpassing (SPR)

Kommunale føringar (lista er ikkje uttømmande)

<input checked="" type="checkbox"/>	Kommuneplanens arealdel 2018 – 2030, plankart, føresegner og retningslinjer
<input type="checkbox"/>	Kommunedelplan Hovden, 2013 – 2025 (planID 201109), plankart, føresegner og retningslinjer
<input checked="" type="checkbox"/>	Kommunedelplan ski- og turløyper (planID 200813), plankart, føresegner og retningslinjer
Merknader:	

### 4. KONSEKVENSGREIING (klargjere vesentlege verknadar for miljø og samfunn)

<input type="checkbox"/>	Forslaget <b>utløyser krav</b> om konsekvensutgreiing, jf <a href="#">KU-forskrifta 01.07.2017</a>
<input type="checkbox"/>	- Planen faller innunder <a href="#">forskriftens § 6</a> - Alltid konsekvensutgreiast
<input type="checkbox"/>	- Planen faller innunder <a href="#">forskriftens § 8</a> - Planar som skal vurderast nærare i samsvar <a href="#">med § 10</a>
<input checked="" type="checkbox"/>	Forslaget utløyser <b>ikkje</b> krav om konsekvensutgreiing
<input type="checkbox"/>	Forslaget vil kunne utløyse krav om konsekvensutgreiing. Kommunen vurderer og vil gi tilbakemelding innan 4 veker (ref Kap. 11).
Merknader:	
Ein vurderer at tiltaket ikkje har vesentlege verknadar for miljø og samfunn som fell innfor KU-forskrifta. Planarbeidet utløyser difor ikkje krav om konsekvensutgreiing. Verknadane av planlagt tiltak i høve ulike omsyn og tema skal skildrast og opplyst i planomtala.	
Dersom planen skal konsekvensutgreiast skal det utarbeidast planprogram. Planprogrammet leggst ut på høyring samstundes med varsel og kunngjering om oppstart av planarbeid. Det skal kome fram av varselet kvifor planen skal konsekvensutgreiast.	
NB! Dersom planen ikkje skal konsekvensutgreiast <b>skal det</b> kome fram av varselet kvifor utgreiinga er unødvendig.	

### 5. VIKTIGE UTGREIINGSBEHOV FOR PLANARBEIDET - foreløpig vurdering

Reguleringsplanar som ikkje er omfatta av krav om konsekvensutgreiing vil normalt ha mindre verknad på miljø og samfunn enn dei planane som omfattast av forskrifta om konsekvensutgreiingar. For planar som ikkje omfattast av forskrifta vil det då som hovudregel være nok med ei kvalitativ vurdering og skildring av verknadene for miljø og samfunn. Formålet er å synleggjere kva planen vil medføre for partar i saka, interesser og omsyn på ein dekkande måte.

De fleste tema under påverkar folks helse direkte eller indirekte. Korleis dette er vurdert og ivaretatt i planen må kome fram av planskildringa.

Planfaglege vurderingar –Forhold som bør/ skal utgreiast i samband med planarbeidet (lista er ikkje komplett):

Temaområder	
<b>Bygg - kulturminne - estetikk</b>	
<input type="checkbox"/>	Stadtypisk arkitektur – Enkeltbygg
<input type="checkbox"/>	Siktelinjer – fjern og nær – høgder

<input type="checkbox"/>	Kulturlandskap
<input checked="" type="checkbox"/>	Kulturminne
Merknader:	
<b>Infrastruktur</b>	
<input checked="" type="checkbox"/>	Vatn, avløp og overvatn (klimatilpassing)..
<input type="checkbox"/>	Høgspenliner
<input checked="" type="checkbox"/>	Vegtekniske forhold
<input checked="" type="checkbox"/>	Trafikale forhold/ trafikkikkerheit/tilkomst
<input type="checkbox"/>	Sosial infrastruktur (barnehage, skule mm.)
<input type="checkbox"/>	Kollektivtrafikk
<input type="checkbox"/>	Leik
<input checked="" type="checkbox"/>	Skiløyper/turløyper
<input type="checkbox"/>	Renovasjon
Merknader: Privat/kommunalt leidningsnett i området – kryssingspunkt / overdekking må vurderast. Kryssingspunkt og siktilhøve på interne vegar ved ulike årstider må vere vurdert. Grad av tilrettelegging av turveg-trase / skiløype må skildrast i planarbeidet og i føresegner.	
<b>Landskap, natur og vilt</b>	
<input checked="" type="checkbox"/>	Biologisk mangfald – miljøfaglege vurderingar/naturmangfaldlova
<input type="checkbox"/>	Verdifull vegetasjon
<input checked="" type="checkbox"/>	Landskap – topografi, landskapselement, silhuetar, terrenginngrep
<input type="checkbox"/>	Villrein – trekksone
Merknader: Tiltaket ligg lågt i terreng og såleis lite eksponert. Verknadane for landskap kan vere i høve ev oppstuving i samband med flaum/isgang og fare for sideareal til vassdraget. Dette må vurderast og skildrast i planen. Grad av opparbeiding av turveg /såle for løype og verknadane for naturen (myr) må og omtalst.	
<b>Landbruk</b>	
<input type="checkbox"/>	Dyrka mark/utmark
<input type="checkbox"/>	Skog
Merknader:	
<b>Friluftsliv og opphald</b>	
<input checked="" type="checkbox"/>	Grønstruktur/rekreasjon/friluftssinteresser
Merknader:	
<b>Bu kvalitet</b>	
<input type="checkbox"/>	Sol/skugge/vind
<input type="checkbox"/>	Barn/unges oppvekstvilkår – leik, skuleveg, møteplassar, mv.
<input type="checkbox"/>	Tilgjengelegheit for alle – universell utforming
Merknader:	
<b>ROS, samfunnssikkerhet og miljø. (ref pbl § 4-3)</b>	
<input checked="" type="checkbox"/>	Klima/klimatilpassing (flaum, snø, isgang, vassmagasin)
<input type="checkbox"/>	Steinsprang/jordskred
<input type="checkbox"/>	Snøskred
<input type="checkbox"/>	Grunnforureining
<input type="checkbox"/>	Støy
<input type="checkbox"/>	Drikkevatt
<input type="checkbox"/>	Andre ting (sjå merknadar)
Merknader: Flaum og ev. støy frå skytebane. Sjå merknad under natur og landskap ovafor.	

## 6. FØREBELS AVGRENSING AV PLANOMRÅDET

<input type="checkbox"/>	Kommunen og forslagsstillar har gjort ei førebels avgrensing av planområdet. Tal på dekar (daa) spesifiserast.
<input type="checkbox"/>	Er det hefte på nokon av eigedomane i planområdet?
Merknader: Planavgrensinga er på 282 daa – førebels – for å kunne vurdere alternativ vurdering plassering av kryssingspunkt over Geiskelidåna – og tilkopling løypenett – Planavgrensinga vil bli redusert fram til endleg planforslag.	

## 7. KOMMUNAL GRUNN

<b>Kompenserande tiltak</b>	
<input type="checkbox"/>	Behov for oppkjøp av kommunal grunn
<input type="checkbox"/>	Leggast det opp til kompensierende tiltak
Merknader: Rekkefølgekrav / utbyggingsavtale utløyser behov for reguleringsarbeidet. Ved planoppstart ser ein ikkje føre seg trong for kompensierende tiltak då tiltaket vil auke attraktiviteten for tilliggjande hytteområde for grunneigarar/utbyggjarar og hyttefolk.	

## 8. KOMMUNENS FØREBELSE RÅD

Tema/utfordringar som særskilt må utgreiast, behov for illustrasjonsmateriale mm.

Tilråding: Tilrår oppstart
Merknader: Viktig med samkopling av løyestruktur og kryssing med kulvert RV 9
Alltid: Plankart og føresegner skal vere detaljerte nok til å sikre dei kvalitetane som omtalast i planskildring. Det vil seie at dersom ein særleg bruk av fargar, materiale, overflater mm. sjåast på som ein viktig kvalitet, må dette følgast opp i juridisk bindande plandokument. Planføresegn - Skal være eintydige og juridisk i samsvar med <a href="#">§ 12-7 i plan- og bygningslova</a> . Plankart er eit juridisk dokument og skal difor vere heilt eintydig. Det skal vere 100 % samsvar mellom plankart og planføresegn.

## 9. GJENNOMFØRING AV KOMMUNALTEKNISKE ANLEGG

<input type="checkbox"/>	Tiltaket krev utbetring/utbygging av kommunaltekniske anlegg
<input type="checkbox"/>	Krav om godkjente tekniske planar (veg, vatn og avlaup)
Merknader: Ein må i vareta ekisterande VA-nett ved kryssing.	
<b>Utbyggingsavtale</b>	
<input type="checkbox"/>	Trong for utbyggingsavtale
<input type="checkbox"/>	Forhandle om utbyggingsavtale med kommunen parallelt med planprosessen.
Merknader:	

Privatrettslege tilhøve	
<input type="checkbox"/>	Avklart
<input checked="" type="checkbox"/>	Ikkje avklart
<input type="checkbox"/>	Hefte på eigedom(ar)
Merknader: Det er mange planar som stopper opp når dei kommer til byggesak fordi ein ikkje har avklart privatrettslege tilhøve. Kommunen set som vilkår at forslagsstillar/tiltakshavar klargjer slike tilhøve for planforslaget før 1.gongs handsaming. Planen kan ikkje omhandle privatrettslege tilhøve.	

Parallell handsaming av byggesak og plansak (jfr PBL Kap. 12-15) Kapittel 12. <a href="#">Reguleringsplan</a> Kapittel 13. <a href="#">Midlertidig forbud mot tiltak</a> Kapittel 14. <a href="#">Konsekvensutredningar for tiltak og planer etter annet lovverk</a> Kapittel 15. <a href="#">Innløysing og erstatning</a>	
<input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei	
Merknadar: Tal grunneigarar som blir rørt av planarbeidet ved oppstart (14) .	



## 11. KUNNGJERING

Særlege moment som må kome fram i kunngjeringstekst	Skibru – kryssing Geiskelid åne, sti- og løypenett midt-regionen. Annonsering i Setesdølen og på heimesida til kommunen. SSH skaffe adresser – til velforeingane. Alida syter for utsending av oppstartmelding. Rambøll lager forslag.
Kven skal/skal ikkje ha varselbrev (alle parter i og tilgrensande til planområdet, NVE, SVV, FM, FK, Velforeining, Kabelselskap, Bergverksvesenet mv)	

## 12. MEDVERKNAD OG INFORMASJON

Aktuell informasjon/medverknad ut over krav i pbl	
<input type="checkbox"/>	Informasjonsmøte for partar/naboar
<input checked="" type="checkbox"/>	Annonser
<input type="checkbox"/>	Ope kontor
<input checked="" type="checkbox"/>	Kontakt med velforeining – Lokale velforeiningar bør alltid bli kontakta
<input type="checkbox"/>	Skule og barnehage
<input type="checkbox"/>	Brukarundersøking
<input type="checkbox"/>	Anna
Merknadar:	

## 13. FRAMDRIFT

Forslagsstillar sin dato for varsling av oppstart og evt kunngjering av planprogram	12.02.2024
Eventuell fastsetting av planprogram	Dato
Forslagsstillars planlagde dato for oversending av planforslag til kommunen	29.03.2024
Forventa fyrstegangshandsaming i planutvalet	07.05.2024
Merknader: <i>Interne rutinar før 1. gangs handsaming: Kommunen sin sakshandsamar syter for intern høyring etter at komplett planforslag er motteke, før saka fremmast til politisk 1.gongs handsaming i planutvalet. Det er planutvalet som fattar vedtak om offentleg ettersyn.</i>  <i>Bykle kommune gjer merksam på at forslagsstillar må levere planforslag i samsvar med planlagt framdrift. Dersom planforslag vert innsendt etter denne dato kan ikkje kommunen garantere at fristen på 12 veker kan overhaldast. Dersom forslagsstillar har behov for endra framdrift må dette klargjerast med kommunen for å få ny dato for forventa fyrstegongs handsaming.</i>	

## 14. KRAV TIL KOMPLETT PLANFORSLAG

Planforslag som ikkje er komplett i samsvar med lova og krava under, kan ikkje takast opp til handsaming før forslaget er endra/supplert.

<b>Skal alltid finnast</b>	
<input checked="" type="checkbox"/>	Plankart – Leverast som pdf og sosi-data. Plankart er eit juridisk dokument og skal difor vere heilt eintydig. Det skal vere 100 % samsvar mellom plankart og planføresegn.
<input checked="" type="checkbox"/>	Planføresegn - Skal være eintydige og juridisk i samsvar med <a href="#">§ 12-7 i plan- og bygningslova</a> . Sjå kommunens mal for oppsett av planføresegn.
<input checked="" type="checkbox"/>	Planskildring inkl ROS-analyse - Sjå reguleringsplanretteleiar utgitt av KMD, samt <a href="http://www.planlegging.no">http://www.planlegging.no</a>
<input checked="" type="checkbox"/>	Refererte merknadar med kommentarar (Som eige kapittel i planskildringa)
Merknadar:	

<b>Illustrasjonsmateriale</b> (Vurderast frå sak til sak)	
<input checked="" type="checkbox"/>	Illustrasjonsplan
<input type="checkbox"/>	Fotomontasje/ 3D teikningar
<input type="checkbox"/>	Perspektivteikningar
<input checked="" type="checkbox"/>	Snitt-teikningar
<input checked="" type="checkbox"/>	Vegprofil
<input type="checkbox"/>	Modell
<input type="checkbox"/>	Aktuelle analyser
<input type="checkbox"/>	Anna
Merknader: Det kan kome krav om nytt illustrasjonsmaterieill undervegs i planprosessen.	

## 15. GENERELLE KRAV

### Krav til kunngjering om igangsetjing av planarbeid

<input checked="" type="checkbox"/>	Forslagsstillar skal kunngjere igangsetjing av planarbeidet. (Kommunen.)
<input checked="" type="checkbox"/>	Oversiktskart for stadfesting, der planområdet og varslingsområdet er merka på kartet, leverast kommunen som sosifil.
<input checked="" type="checkbox"/>	Kart 1:1000 – 1:5000 med merka planavgrensing (raster ØK + bygg samt eigedomsgrenser, grunnkart)
<input checked="" type="checkbox"/>	Brev som orienterer om føremålet med planforslaget, dagens og framtidig planstatus samt reguleringsføremål.
<input checked="" type="checkbox"/>	Kunngjeringstekst skal godkjennast av sakshandsamar i kommunen <u>før</u> offentleg varsling.

### Krav til kart

Planframstillinga skal være digital etter SOSI-standard, i siste sosi versjon. Det skal brukast oppdaterte kartgrunnlag i planarbeidet.

## 16. ADRESSERING I NYE FELT

I nye felt skal vegnamn fremmast når forslag til reguleringsplan vert lagt fram. Dei namna som er i bruk ligg på kommunen si heimeside. Her er lenka, [vegadresser i Bykle kommune](#)

Tildeling av vegnamn skal godkjennast av språkrådet og av formannskapet. Forslagsstillar må difor sende brev eller e-post til [postmottak@bykle.kommune.no](mailto:postmottak@bykle.kommune.no) om kva for vegnamn han vil ha i den nye planen.

Tomter skal nummererast med dei framtidige offisielle adressenummera. Vi går no bort frå tomtenummer. Grunneigar skal informere kjøpar av tomta kva som blir adressa. I Bykle bruker vi partal på høgre side av hovudvegstrengen og oddetal på venstre side.

Ved oppmåling vert det tildelt gards- og bruksnummer, og dette vil så bli kopla til den offisielle adressa. Kommunen koplar offisiell adresse til matrikkelen når det er gjeve løyve til tiltak.

For å kom fram til passende vegnamn er det tilrådd å bruke stadnamn som høyrer til plassen, men med normert skrivemåte.

*Døme: Falkefjell, Plassevegen, Bergstøyllii osv.  
Offisiell adresse vert då kan hende «Bergstøyllii 32»*

Dette nummeret skal vere det same som står på tomta på plankartet.



(Lurer du på noko, kan du kontakte Bykle kommune.)

Med helsing  
Bykle kommune

Signe Sollien Haugå  
Plansjef

Brevet er elektronisk godkjent og vert sendt utan underskrift.

Vedlegg

1 Oppstartsmøte - detaljregulering - skibru Geiskelidåne


Oppdragsgjevar  
Bykle kommune

Rapporttype  
Planinitiativ til detaljreguleringsplan for skibru ved Nylund hyttefelt

Dato  
08.12.2023

# Planinitiativ

## DETALJREGULERINGSPLAN FOR SKIBRU VED NYLUND HYTTEFELT



**PLANINITIATIV**  
**DETALJREGULERINGSPLAN FOR SKIBRU VED NYLUND**  
**HYTTEFELT**

Oppdragsnavn	<b>Detaljreguleringsplan for skibru ved Nylund hyttefelt</b>
Prosjekt nr.	<b>ALU2023N00030</b>
Mottaker	<b>Bykle kommune</b>
Dokument type	<b>Planinitiativ</b>
Versjon	<b>1</b>
Dato	<b>08.12.2023</b>
Utført av	<b>Cathrine Fossdal</b>
Kontrollert av	<b>Stig Erik Ørum</b>
Godkjent av	<b>Bykle kommune</b>
Beskrivelse	<b>Planinitiativet er eit initiativ til reguleringsplan i tråd med plan- og bygningsloven § 12-8. Planinitiativet sin funksjon er å starte dialogen med kommunen, ved å angi kva ein tenkjer å realisere og kor ein ynskjer å gjennomføre dette.</b>

## INNHALD

<b>1.</b>	<b>INNLEIING .....</b>	<b>4</b>
<b>2.</b>	<b>KONTAKTINFORMASJON.....</b>	<b>4</b>
<b>3.</b>	<b>KORT PRESENTASJON AV PLANINITIATIVET .....</b>	<b>5</b>
3.1	Føremålet med planen .....	5
3.2	Planområdet sin plassering og tilgrensande område .....	5
3.3	Planområdet .....	6
3.4	Historisk utvikling.....	8
3.5	Utforming.....	9
3.5.1	<b>Arealbruk.....</b>	<b>9</b>
3.5.2	<b>Trafikk, tilkomst og parkering.....</b>	<b>10</b>
3.5.3	<b>Tiltaket sin verknad på landskap og omgjevnadar .....</b>	<b>11</b>
3.5.4	<b>Samfunnstryggleik.....</b>	<b>11</b>
<b>4.</b>	<b>GJELDANDE PLANSTATUS.....</b>	<b>14</b>
4.1	Arealdelen til kommuneplanen .....	14
4.2	Heiplanen.....	15
4.3	Reguleringsplanar .....	16
4.4	Aktuelle planretningslinjer og regionale føringar .....	17
<b>5.</b>	<b>KRAV TIL PLANPROGRAM OG KONSEKVENSGREIING .....</b>	<b>18</b>
<b>6.</b>	<b>FORSLAG TIL VARSLING .....</b>	<b>19</b>
6.1	Forslag til varslingsstekst.....	19
6.2	Kven skal varslast.....	19
6.3	Medverknad.....	19

# 1. Innleiing

Dette er eit planinitiativ for å regulere eigedommen med gards- og bruksnummer 3/280 med fleire, ved Nylund hyttefelt i Bykle kommune. Føremålet med planarbeidet er hovudsakleg å utarbeide ein detaljreguleringsplan for ein ny skiløypetrasé, inkludert skibru. Planinitiativet sin hensikt er å vere grunnlagsmateriale til eit oppstartsmøte med planmyndigheita i kommunen.

Planinitiativet er utarbeida slik at det er i samsvar med forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningsloven. Planinitiativet omtalar premissane for det vidare planarbeidet.

# 2. Kontaktinformasjon

## Tiltakshavar

Tiltakshavar: Bykle kommune

Kontaktperson: Ida Larsen Reinsviki

Telefon: + 47 37938500

E-post: [ida.larsen.reinsviki@bykle.kommune.no](mailto:ida.larsen.reinsviki@bykle.kommune.no)

## Plankonsulent

Firma: Henning Larsen Architects AS

Kontaktperson: Cathrine Fossdal

Adresse: Vestre Strandgate 67, 4612 Kristiansand

Telefon: +47 90762273

E-post: [cathrine.fossdal@henninglarsen.com](mailto:cathrine.fossdal@henninglarsen.com)

## Oppstartsmøte

Følgjande personar ønskjer å delta i møtet:

Bykle kommune

Stig Erik Ørum, Henning Larsen Architects AS

Cathrine Fossdal, Henning Larsen Architects AS

### 3. Kort presentasjon av planinitiativet


#### 3.1 Føremålet med planen

Føremålet med planen er å leggje til rette for ein skiløypetrasé med tilhøyrande skibru. Bykle kommune har i dag mange skiløyper, deriblant ved Nylund hyttefelt. Den aktuelle løypa manglar i dag ein samanhengande forbindelse som er sikra gjennom reguleringsplan. Føreslått reguleringsplan har til hensikt å binde saman to eksisterande traséar. Den nye traséen vil krysse ei elv, der det vert planlagt for ei skibru. Målet er å skape ein samanhengande og trygg skiløypeforbindelse som kan takast i bruk av alle skigårarar.

Nylund hyttefelt er i dag under utvikling og i framtida er det anslått at det vil bli bygd fleire nye hytter i området. Å få oppgradert skiløypenettet vil derfor vere av interesse for å skape ein attraktiv stad å bu og opphalde seg i.

#### 3.2 Planområdet sin plassering og tilgrensande område


Planområdet ligg langs riksveg 9, cirka 10 km sør for Hovden sentrum. Innanfor og i nærleiken av plangrensa er det fleire hyttefelt. Fleire av hyttefeltene er etablerte, der hyttetomtene er ferdig utbygd. Andre områder er ikkje starta på enda, men der ulike planar opnar for at dette kan gjerast i framtida. Mellom hyttetomtene er større areal opparbeida med veg og anna infrastruktur, i tillegg til friluftsområde med skiløyper.



Figur 1: Planområdet. Kjelde: Kommune kart (2023).



Elva Geiskeliåni ligg innanfor planområdet. Elva renn frå øst mot vest og ut i Otra om lag 1 km vest for plangrensa. Planen har til hensikt å regulere inn ei skibru som kryssar denne elva. Vidare ligg det ein skytebane, Bykle skytebane, i nærleiken av den planlagde skiløypetraséen. Skytebanen er ein sivil 100 og 300 meter skytebane som er eigd av Bykle skyttarlag. I nærleiken ligg også Agdertun, som er eit øvingsssenter som er eigd av forsvaret. Forsvaret nyttar Bykle skytebane sporadisk, da dei elles nyttar Geiskeli skytefelt som ligg noko lenger unna (Rapport, Forsvarsbyggs skyte- og øvingsfelt – Program for tungmetallovervåking, 2012; DFS, 2023).




Figur 2: Funksjonar i nærleiken av planområdet. Kjelde bakgrunnskart: Norgebilder.

### 3.3 Planområdet

Størrelsen til planområdet er per no på om lag 282,5 dekar. Eigedommane som er ein del av planen er lista opp i tabellen til høgre. Tomtene vert hovudsakleg eigd av private. Plangrensa følgjer stort sett eigedomsgrensene, i tillegg til reguleringsplanar som allereie ligg føre.

Plangrensa kan bli noko justert som ein del av planarbeidet. På noverande tidspunkt er det inkludert tilstrekkeleg areal til å kunne utforske ulike linjeføringar på skiløypa, samt plasseringar av den planlagde skibrua. Plangrensa kan bli noko innskrenka etter kvart som det vert utarbeida eit planforslag.

Eigedommar innanfor planområdet
3/18
3/280
3/13
3/7
3/7/26
3/145
3/102
3/45
3/47
3/46
3/79
0/1
3/370
3/43



Figur 3: Foreløpig plangrense med eigedomsgrenser i bakgrunnen.

### 3.4 Historisk utvikling




Figur 4: 1965.

Hyttefeltet i og i nærleiken av planområdet har utvikla seg gradvis gjennom dei siste tiåra. På flyfoto frå 1965 er det få hytter å sjå. Geiskelivegen som ligg sentralt mellom hyttefeltet, var samstundes etablert allereie då. Det same var vegen inn til skytebanen. Resten av området bar likevel i stor grad preg av urørt natur.



Figur 5: 1975.

10 år seinare, i 1975, hadde fleire hytter komme på plass i landskapet. Tilhøyrande vegareal var etablert. Ut frå flyfoto framstår hyttene som frittliggjande, med forholdsvis god avstand mellom dei ulike hytteeiningane. Området der Agdertun i dag er, var også under utvikling. Både her og ved skytebanen var det oppført nye byggverk.



Figur 6: 2006.

Framover mot 2000-talet blei stadig fleire hytter med tilhøyrande infrastruktur bygga. Eksisterande hytteområde blei fortetta, i tillegg til at nye felt kom til. Særleg sør i området skjedde det ei større utbygging i denne perioden. Nye bygningar i tilknytning til skytebanen og forsvaret sitt anlegg vart også ført opp. Nylund hyttefelt framstår i dag som eit etablert felt, men med planar for vidare utvikling og utbygging. Samstundes tenkjer ein framleis å behalde større friluftsområde mellom bygningane.

### 3.5 Utforming

Reguleringsplanen skal leggje til rette for ein samankopling av eksisterande skiløypetraséar. I eksisterande reguleringsplan sør for området er skiløypa teikna inn 8 meter brei. Omkring løypa ligg ei omsynssone som er cirka 30 meter brei, med lik utstrekning på kvar side av løypa. Planen er at den nye traséen skal kople seg på dette punktet. Mot nord er eksisterande skiløype ikkje regulert gjennom reguleringsplan. I arealdelen til kommuneplanen ligg løypa likevel inne som ei linje, i form av turvegtrasé.

Kor skiløypa som no skal regulerast skal gå i detalj, samt kor brei ho skal vere, vil sjåast nærare på i det vidare planarbeidet. Den nye traséen vil vere om lag 1 km lang.

Når det gjeld skibrua, må denne vere høg nok til at det blir tilstrekkeleg klaring til at ein kan passere Geiskeliåni. Geiskeliåni er ei flaumutsett elv, der ein må ta omsyn til periodar med både større og mindre vassføringar. I breidda må brua vere brei nok til at tråkkemaskiner kan passere over. Korleis dei konkrete høgdene og breddene vil bli, må sjåast nærare på i den vidare prosessen. Kor brua skal krysse elva vil vere ei viktig avgjerd i planarbeidet. Under er det vist døme på bruer som er bygd andre stader i landet.



Figur 7: Til venstre: Skibru i Sør-Varanger kommune. Kjelde: <https://www.sor-varanger.kommune.no/endelig-enighet-om-skibrua.5002213-17830.html>. Til høgre: MultiPlate. Kjelde: [Bridges and Culverts Solutions – ViaCon Norge](#).


#### 3.5.1 Arealbruk

- Ein antar at sjølve skiløypa vert regulert til «Skiløype» (SOSI-kode 1420). Skibrua vil truleg bli regulert til «Skianlegg» (SOSI-kode 1410). Omkring skiløypa er det planlagt ei omsynssone «RpAngittHensynSone», i form av «H530 – Hensyn friluftsliv». Dei resterande feltene som takast med innanfor reguleringsplanen vil ha ulike føremål som bidreg til å støtte opp om etablering av skiløypa.

### 3.5.2 Trafikk, tilkomst og parkering

Ein antar at skiløypene i området i stor grad nyttast av eigarar av hyttene som ligg i nærleiken. Dei fleste av desse har parkering på eigen tomt. Enkelte besøkande som parkerer på fellesplassar er også venta. Under er det vist eit utsnitt av registrerte, merka skiløyper på UT.no (2023). Den heiltrekte blå linja syner løyper som er preparert eller merka heile vinteren.

Tar ein av riksveg 9 og følgjer Geiskelivegen noko austover, kjem ein etter kvart til startpunktet for ein fottur som er registrert hos UT.no (2023). Fotturen går i Setesdal Østhei, og er omtala som ein enkel rundtur på litt over 21 km. Fotturen er kategorisert som ein topptur, men som også kan takast som del av ein fisketur. Ein antar at det også er noko trafikk på Geiskelivegen som en følgje av denne aktiviteten.



Figur 8: Skiturar (blå linje), topptur og fisketur i Setesdal Østhei (punkt). Kjelde: UT.no (2023).

Riksveg 9 som går vest for planområdet, hadde ein ÅDT på 1243 i 2022. Andelen lange køyretøy var på 18%. Geiskelivegen er ein kommunal veg. I Statens vegvesen (2023) sitt vegkart ligg det derfor ikkje inne informasjon om trafikkmengda på denne vegen. Trafikktala er likevel antatt å vere såpass låge at skitraséen kan krysse vegbanen utan å måtte gå i ulike plan.

### 3.5.3 Tiltaket sin verknad på, og tilpassing til, landskap og omgjevnadar

Det vert lagt opp til at den framtidige skiløypa skal følgje eksisterande terreng i størst mogleg grad. Større fyllingar og skjeringar for å få realisert løypa skal unngåast. Med tanke på å skape ein attraktiv løypetrasé, vil ein forsøke å ikkje leggje løypa i svært bratte parti. Det vil også vere gunstig for landskapsbilete å ta utgangspunkt i eksisterande terreng, framfor å endre mykje på dette. Det er ikkje forventa at tiltaket vil få særlege negative konsekvensar for landskapet. I samband med opparbeiding av løypa vil enkelte område kunne opnast noko opp. I tillegg vil skibrua bli eit nytt element i landskapet. Samstundes som skibrua skal vere funksjonell og tilpassa føremålet, vil det også leggjast vekt på å bygge ei skibru med god estetikk.

### 3.5.4 Samfunnstryggleik


Det skal utarbeidast ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) til planen. Denne vil avklare om området eller tiltaket skaper risikoar som må sikrast. Nokon forhold må sjåast nærare på. Dette gjeld til dømes risiko knytt til støy. Det er venta at aktivitet frå skytebanen kan skape ein del støyande aktivitet. Avhengig av kor den nye løypetraséen vert lagt, vil det kunne ha innverknad på støyforhalda for brukarane av løypa. Vidare vil flaumforhald vere relevante. Figuren under syner aktsemdsområde for flaum. Som det kjem fram av figuren, er store deler av planområdet utsett for flaum. Dette gjeld både i og omkring Giskeliåni, men også ved Maurlibekken. Korleis vassforhalda er, vil kunne vere avgjerande for kor det er mest gunstig å plassere skibrua.

Det er ikkje registrert utvalde naturtypar med særleg verdi innanfor planområdet (Naturbase, 2023). Det er registrert enkelte fugleartar, slik som Granmeis, Grønnefink og Gulspurv, som er på norsk raudliste for artar i nærleiken av planområdet. Også fleire andre fugleartar er kartlagt som å ha utbreiing i området. Blant desse er kongeørn, som er ein art med særleg stor nasjonal forvaltningsinteresse. I elva er det registrert aure (Artsdatabanken sitt artskart, 2023).



Figur 9: Til venstre: Aktsemdsområde for flaum. Kjelde: NVE/Naturbase (2023). Til høgre: Arter i nærleiken. Orange farge syner artar på fremmedartlista. Kjelde: Artsdatabanken (2023).


Innanfor planområdet er det registrert fleire myrområde. Figuren nedanfor til venstre syner kor djup torva er og vegetasjon på myrane slik dei kjem fram i offentlege register. Lys blå farge syner grunn myr, medan mørk blå farge syner djup myr. Figuren til høgre syner omdanningsgraden til myrane. Orange farger er myrar som er middels omdanna, medan raude fargar syner myrar som er sterkt omdanna (NIBIO Kilden, 2023). I arbeidet med planen vil det utarbeidast ein fagrapport for naturmangfald, der ein vil undersøke desse forholda nærare.



Figur 10: Myr. Til venstre: Kor djup torva er og vegetasjon. Til høgre: Omdanningsgrad. Kjelde: Naturbase (2023 og NIBIO Kilden (2023).

Når det gjeld kulturminne, er det registrert ein del av desse i nærleiken av planområdet. Punkta merka «R» på figuren under syner kulturminne som er automatisk freda. Desse utgjerdast av kullframstillingsanlegg frå jernalderen-middelalderen. Elles er det merka av ein del kulturminne som ikkje har status som freda. Desse består stort sett av mindre strekk av den eldre Setesdalsvegen som blei bygd tidleg på 1900-talet. Det er også funne eit sagbruk i nærleiken av plangrensa. Tabellen under gjer ein oversikt over kulturminne i nærleiken (Kulturminnesøk, 2023). I tillegg til desse, er det også eit SEFRAK-registrert bygg ikkje langt unna. Kor dette ligg visast med raud trekant på figuren. Det aktuelle bygget er omtala som «Støylsbu» med opphav frå 1800-talet (Naturbase/Riksantikvaren, 2023).

ID	Tittel	Vernestatus	Datering	Art
290231	Setesdalsvegen som planert rideveg	Ikkje freda	1900-talet, første kvartal	Veganlegg
290228	Setesdalsvegen som planert rideveg	Ikkje freda	1900-talet, første kvartal	Veganlegg
290224	Setesdalsvegen som køyreveg, Maurlibekken bru med veg	Ikkje freda	1900-talet, andre kvartal	Veganlegg
290226	Setesdalsvegen som planert rideveg	Ikkje freda	1900-talet, første kvartal	Veganlegg
290222	Setesdalsvegen som køyreveg, nye Geiskeliåni bru	Ikkje freda	1900-talet, andre kvartal	Veganlegg
290219	Setesdalvegen som køyreveg, gamle Geiskeliåni bru med veg	Ikkje freda	1900-talet, andre kvartal	Veganlegg
290217	Setesdalsvegen som køyreveg, Geiskelivegen	Ikkje freda	1900-talet, andre kvartal	Veganlegg
113059	Berdalen, Kullframstillingsanlegg	Automatisk freda	Jernalderen-middelalderen	Kullframstillingsanlegg
126137	Geisklid, sagbruk	Ikkje freda	1900-talet	Sagbruk
272732	Utan namn. kullframstillingsanlegg	Automatisk freda	Jernalderen-middelalderen	Kullframstillingsanlegg



Figur 11: Kulturminner. Kjelde: Kulturminnesøk (2023) og Naturbase (2023).




## 4. Gjeldande planstatus

### 4.1 Arealdelen til kommuneplanen

I arealdelen til kommuneplanen for Bykle kommune (2018-2030) er området avsett til fritidsbustader, bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, idrettsanlegg og LNFR. Eksisterande turvegtraséar er teikna inn som svarte linjer i plankartet. Framtidige turvegtraséar visast med raude linjer. Det er også lagt inn ei omsynssone H320 for flaumfare som dekker større areal av det aktuelle området. I fylgje dei tilhøyrande føresegna § 3.1, gjelder følgjande her:

#### **§3-1 Omsynssone flaum (PBL § 11-8a)**

*I omsynssone for flaumfare er det ikkje tillate å etablere ny busetting langs vatn og vassdrag, med mindre det blir gjort tiltak som sikrar busettinga mot flaum, jf teknisk forskrift.*




Figur 12: Utsnitt frå arealdelen til kommuneplanen. Kjelde: Kommunekart (2023).

Som vedlegg til kommuneplanen er det laga ein sti- og løypeplan. I dokumentet visast ein oversikt over sti- og løypeplanar om vinteren og sommaren. Figuren under syner eit utdrag frå løypeplanen vintertid. Raud sirkel syner aktuelt område i denne samanheng. Dei heiltrekte blå linjene er allereie preparerte løyper, medan dei stipla linjene er forslag til nye løyper. Slik som kommuneplanen er sti- og løypeplanen også på eit overordna nivå.

I sti- og løypeplanen er det angitt retningslinjer som er førande for utarbeiding av arealplanar. Av § 1 som omhandlar generelle retningslinjer, kjem det fram at inngrep alltid skal tilpassast terrenget og gjerast så skånsamt som mogleg. I nye byggeområde må det vere grønne korridorar på minimum 30 meter omkring løypene. I § 2 Vinterløyper, står følgjande:

«Generelt treng ein eit ryddebelte på 12 meter for å preparere ei vinterløype. Der det er naudsynt med opparbeiding kan ein lage ein trase på inntil 8 meter. Det kan lagast bruer og klopper over bekker og elvar [...]. Der ein har kryssing mellom preparerte løyper og bilveg skal dette tilretteleggast med å senke brøytekantar. Der ein må laga over- eller undergang så bør dette takast inn i utbyggingsavtalar med utbygger av feltet».




Figur 13: Utdrag frå sti- og løypeplanen til Bykle kommune. Raud sirkel syner aktuelt område i denne samanheng.

## 4.2 Heiplanen

Bykle kommune ligg innafør Regionalplan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Autehei – også omtalt som «Heiplanen» (2014). Heiplanen er eit ledd i arbeidet med å ta vare på villreinen innafør områda som planen gjeld for.

Som det kjem fram av figuren under, som syner eit utdrag frå Heiplanen, ligg det aktuelle området innafør eit grått felt. Dette vil sei ei omsynssone for bygdeutvikling. I henhald til planen er dette ei utviklingssone der planar og tiltak som fremjer ei berekraftig bygdeutving skal prioriterast. Tilrettelegging for friluftsliv, idrett osv. skal skje i samsvar med kommunale sti- og løypeplanar (Heiplanen, s. 22). Dei lilla felta mot nord og sør er omsynssoner for trekkområde, medan dei gule områda mot øst og vest er omsynssoner for villrein.




Figur 14: Utdrag frå Heiplanen. Kjelde: Kommune kart (2023).

### 4.3 Reguleringsplanar

I nærleiken av planområdet ligg det fleire reguleringsplanar. Reguleringsplanane omfattar ulike funksjonar, og har ulike dateringar. I avgrensinga av denne reguleringsplanen er det tatt omsyn til eksisterande plangrensar. Med tanke på området sin størrelse, antar ein likevel at foreslått planområde vil gå inn på enkelte av planane som allereie er vedtatt. Nedanfor ser ein eit utsnitt av reguleringsplanane i nærleiken saman med foreslått plangrense. Tabellen under listar opp reguleringsplanar som ligg innanfor eller i nærleiken av forslag til plangrense.

Tabell 1: Reguleringsplanar i nærleiken av planområdet.

Plan ID	Plannavn	Ikraftredelse
202004	Nylund park 3	23.06.2022
200501	Nylund park	15.12.2005
200601	Midtregionen	27.09.2007
201409	Geiskelid – øvre og nedre	15.09.2016
198503	Geiskelid skytebane	04.03.1985
200712	Nordli del av 3/18	26.06.2008



Figur 15: Foreløpig avgrensning av planen med gjeldande reguleringsplanar i bakgrunnen.

#### 4.4 Aktuelle planretningslinjer og regionale føringar

- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging (2014)
- Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (2018)
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen (1995)
- Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442) (2021)
- Retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging (T-1520) (2012)
- Regionplan Agder 2030

## 5. Krav til planprogram og konsekvensutgreiing

Ein har vurdert om det er behov for konsekvensutgreiing i samband med planarbeidet, jamfør Forskrift om konsekvensutgreiingar av 1. juli 2017 med vedlegg. I Vedlegg 1 og 2 til forskrifta står kva som automatisk fører til konsekvensutgreiing og kva som skal vurderast om det bør konsekvensutgreiast for.

Planen er hovudsakeleg i tråd med kommuneplanen. Vi finn ikkje at tiltaket har vesentlege verknadar for miljø og samfunn som fell inn under KU-forskrifta. Planen er derfor ikkje vurdert til å utløyse krav til konsekvensutgreiing.

Alle aktuelle forhold, sjølv plantiltaket og verknadane av det vil bli omtalt i reguleringsplanen sin planomtale. Saken vil bli opplyst i tilstrekkeleg grad gjennom denne og tilhøyrande plandokument.

## 6. Forslag til varsling

### 6.1 Forslag til varslingstekst

I medhald av plan- og bygningsloven §§ 12-1 og 12-8, varslar plankonsulent Henning Larsen AS på vegne av forslagsstillar Bykle kommune, at ein startar arbeidet med detaljreguleringsplan for eigedommen gnr/bnr. 3/280 med fleire ved Nylund hyttefelt. Planområdet er på ca. 282,5 dekar.


Hensikta med reguleringsplanarbeidet er å leggje til rette for ein skiløypetrasé med tilhøyrande skibru. Traséen er om lag 1 km lang og koplar saman eksisterande skiløyper i området. Den planlagde brua vil gå over elva Geiskeliåni.

Reguleringsplanen følgjer opp arealdelen til kommuneplanen, der det er teikna inn ein framtidig turvegtrasé i det aktuelle området. Planarbeidet er vurdert etter forskrift om konsekvensutgreiing §§ 6-8, og utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing.

Eventuelle kommentarar, merknadar, opplysningar eller anna som kan å ha betydning eller interesse for planarbeidet kan rettast til [cathrine.fossdal@henninglarsen.com](mailto:cathrine.fossdal@henninglarsen.com).

**Frist for tilbakemeldinger er XX.XX.XXXX.**

Venleg helsing  
Cathrine Fossdal  
Telefon: +47 90 76 22 73  
E-post: [cathrine.fossdal@henninglarsen.com](mailto:cathrine.fossdal@henninglarsen.com)



### 6.2 Kven skal varslast

Liste over kven som skal varslast får vi frå Bykle kommune. Det er som regel naboar, eventuelle foreiningar og offentlege organ som skal varslast.

### 6.3 Medverknad

Naboar og andre interessentar vil få moglegheit til å medverke gjennom varsel om oppstart. Naboar og offentlege organ skal varslast direkte. Igangsetting av planarbeid skal også varslast i Setesdølen/Fædrelandsvennen samt på kommunen sine nettsider.

På dette tidspunktet er det ikkje planlagt noko opent møte om planane. Om det vil vere aktuelt å halde opne møter, vil ein vurdere undervegs i planarbeidet.

Plangrense  
Varsel om oppstart

Detaljreguleringsplan for skibru ved Nylund hyttefelt

0 100 200.00 m

